

### 2.33 Permisjonsreglar Jærtun Lutherske Friskule

Heimane må være forsiktige med å søkja borna sine frie frå undervisninga. Det er eit viktig prinsipp for læring, at eleven er til stades i undervisninga. Skuleåret består av 190 skoledagar, og føresette har 175 dagar til feriar og anna ikkje opplæringsretta aktivitetar.

#### Lovgrunnlag

For Jærtun Lutherske Friskule gjeld Privatskulelova. § 3-13 seier: *"Når det er forsvarleg, kan skolen gi den enkelte eleven i grunnskolen permisjon i inntil to veker. Ved avgjerd etter føresegna gjeld forvaltningsloven. Avgjerd om permisjon er enkeltvedtak, jf. forvaltningsloven § 2. Departementet er klageinstans."*

#### Søknad om fri inntil 2 dagar

For einskildtimar og opp til to dagar kan klassestyrar gje fri – bruk meldeboka.

#### Søknad om fri frå grunnskuleopplæringa

Ekstra fri utanom fastsatte skuleferiar kan gjevast av rektor (maks 10 skuledagar).

Ved søknad om fri vil følgande bli vektlagt:

- Elevens prestasjonar på skulen
- Skulens undervisningsopplegg i permisjonstida
- Elevens permisjonshistorikk

#### Permisjon vil normalt bli innvilga

- Når føresette er i utanriksfart eller har arbeidet sitt utanfor Noreg
- Når føresette er pålagt å ta sin ferie utanom skuleferien og dette vert attestert frå arbeidsgjevar
- Når helsemessige grunnar, attestert av ansvarleg lege, hjå elev eller føresette gjer det naudsynt
- For å oppfylle avtale om samværsrett
- Når føresette ved nødvendig fråvær frå heimen ikkje har tilfredsstillande tilsyn med elevane
- Når det føreligg andre tungtvegande velferdsgrunnar

Særleg tungtvegande grunnar må til for å få fri rett før eller rett etter skuleferien. Dette er særst uheldig når det gjeld å bevare eit godt klasse- og arbeidsmiljø.

#### Permisjon vil normalt ikkje bli innvilga

- Under statlege kartleggingsprøvar
- Nasjonale prøvar
- Eksamen, munnleg og skriftleg
- Permisjonshistorikk tilseier det, eller av andre grunnar har stort fråver.

Dersom heile eller deler av ein permisjonssøknad blir avslått, skal dette grunngjevast med kvifor det ikkje er forsvarleg, eller kvifor søknaden ikkje kan innvilgast sjølv om det kan reknast som forsvarleg.

## Saksgang

Alle søknadar om permisjon skal sendas til skulen ved rektor. Søknad skal vere skulen i hende i god tid før permisjonsperioden.

Malane som blir nytta er:

- Vedlegg 1: Søknad om permisjon frå grunnskuleopplæringa. Er å finne på Fronter for foreldre.
- Vedlegg 2: Svar på permisjonssøknad.

## Klagerett og rett til innsyn

Ved avslag om permisjon, kan føresette klage på vedtaket. Etter fvl §29 er fristen for å klaga tre veker frå det tidspunktet de mottok vedtaket. Klagen skal sendast til skulen, og vil først bli tatt opp til ny behandling. Blir vedtaket oppretthaldt, skal den sandas vidare til Fylkesmann. Jf. Forvaltningslova §§ 28,29 og 30. Ein har rett til innsyn i dokumenta i saka, jf. fvl § 18, jf. §19.

## Opplæring i permisjonsperiode

Dersom fri vert innvilga, kontaktar de klassestyrar med tanke på stoff som blir gjennomgått i den tida eleven er borte.

Foreldra har ansvaret for opplæringa til elevane i permisjonsperioden, og kan ikkje krevja å få ekstraundervisning eller andre ytingar av skulen for å ta att det forsømte.

*Revidert 15.05.14 OAM*

# SKJEMA FOR SØKNAD OM FRI FRÅ GRUNNSKOLEOPPLÆRINGA

Vi søker fri for: ..... Klasse: .....

Tidsrom: Frå og med: ..... Til og med: .....

Grunngjeving:

.....  
Dato Foreldreunderskrift